

Fra: "Einar Taule Øyehaug" <Einar.Taule.Oyehaug@hoyanger.kommune.no>
Sendt: tirsdag 31. mars 2026 14:38:56
Til: "NVE Postmottak" <nve@nve.no>
Emne: Høyringsfråsegn 202604458

Hei,

Høyanger kommune har vurdert mellombels dispensasjon frå kravet om minstevassføring på 250 l/s i samband med rensking av tilløpstunnelen ved Makkoren kraftverk.

Kommunen har forståing for behovet for vedlikehald for å sikre drift og førebygge skade på anlegget. Samstundes er det viktig å avgrense negative konsekvensar for naturmiljøet i den berørte vassdragstrekinga.

Kommunen vil peike på følgjande vilkår og tilrådingar:

- Nedtapping av vassføringa må skje gradvis og kontrollert for å redusere risiko for stranding av fisk og yngel.
- Det må vere aktivt oppsyn i samband med nedtrapping av vassføringa, med særleg merksemd på fisk i utsette parti.
- Det bør vurderast avbøtande tiltak dersom det blir observert fisk som står i fare for å bli ståande att (til dømes manuell flytting).

Venleg helsing

Einar Taule Øyehaug
GIS-Ansvarleg Plan og Forvaltning

Tlf: +47 57 71 1583
Høyanger kommune
Sentralbord: +57 71 15 00
www.hoyanger.kommune.no

E-postar som vert ein del av saksbehandlinga vår eller har verdi som dokumentasjon, vil bli registrert i saksbehandlingssystemet vårt og arkivert der. Treng du å sende sensitive opplysningar til oss, kan du nytte skjema her: [Elektronisk skjema for sensitive opplysningar](#)